



Aida samla 16.000 denne kvelden og her sit Røysterett fo alle

**Belissimo!**

Det er ordet dirigent Maria Malmsten nyttar når ho skal summera opp kjempeturen Røysterett for alle har hatt til Nord-Italia. Ho er veldig godt fornøgd med det sanglege og av 12 slike turar ho har vore med på er denne kanskje den beste. Ein vellukka detalj var kornett-spelet til Helge Ludviksen i store salar.

Leiar Lars Henrik Skogtun er heilt samd med Maria og ville ikkje vore turen forutan. Ein kan ikkje vurdera høgt nok kor positiv den var for samhaldet i koret, slår han fast



Arena Di Verona - like imponerende i dag som i romertida

32 var med på turen og 25 av dei var songerar. Også inviterte songarar frå Stord og Rosendal gjekk harmonisk inn i programmet  
Det var ein balansert kombinasjon av song og sosialt samver og deltakarane er fulle av ros til reiseleiar Jan Erik Barstad.



Røysterett for alle saman med det italienske koret

Eit desisert høgdepunkt var det at gruppa opplevde sesongpremieren på Aida i det best bevarte romerske amfiteater Arena Di Verona saman med 16.000 andre. Det var eit spontant 'påfunn', men svært vellukka, ikkje minst fordi koret frå Kvinnherad spontant og inspirert av andre song to nummer i arenaen. Den eine songen var Lenge leva livet og den andre ein renessansesong som nesten alltid er på repertoaret.

Minikonserten fant stad i ein av dei ekstraordinære pausene skapt av 3 kraftige regnskyll. Desse forlenga framsynings så mykje at koret måtte gå etter halvspilt opera rundt klokka 23.30. Teamet som framførte Aida omfatta 200 aktørar og 60 musikarar i ein arena som har plass til 25 000

Fredagskvelden møtte koret frå Kvinnherad eit italiensk kor som det song saman med i kyrkja Santa Marie della Neve i byen Simione. Etterpå hadde dei eit lett måltid saman.

Sundag song Røysterett for alle under messa i to kyrkjer, først i den fantastiske Madonna della Corona som heng mellom himmel ogj jord og seinare i San Fermo. Det hadde også ein song på latin på programet.

No har også Røysterett for alle sommarferie, men i slutten av august startar øvingane att - med siktemål mot nye, store oppgåver.



Aida er også ein fryd for auga..

Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto: Kåre Vetrhus



Leiar Lars Henrik Skogtun